

Fra: Hans-Christian Engum (Hans-Christian.Engum@hfk.no)

Sendt: 29.06.2018 10:54:17

Til: 'oostvik@online.no'

Kopi: Eva Katrine Ritland Taule; Bård Sandal

Emne: SV: UTTALE VEDR. REGULERINGSPLAN FOR FJELBERGSAMBANDET

Vedlegg: image001.png;Fjellbersambandet_fråsegn.pdf

Hei.

Eg beklagar at du ikkje har fått svar på din epost av 23.3.2018. Ved ein inkurie har den rett og slett blitt oversett. Under er det forsøkt å svare på dine spørsmål.

Spørsmål A:

Kvinherad kommune sendte 27.10 2017 reguleringsplan for Fjellbergsambandet på høyring. Hordaland fylkeskommune sendte brev med førespurnad om utsett frist grunna krav om arkeologisk registrering, og at kommunen ikkje hadde søkt om fråvik frå vegnormalane, noko som normalt skal vere gjort i forkant av høyring av reguleringsplan. Vi ble difor einige med kommunen om å vente med fråsegna inntil fråvikssøknaden hadde blitt handsama hos Statens Vegvesen og Hordaland fylkeskommune. I mars 2018 hadde vi enno ikkje motteke ny fråvikssøknad. Med bakgrunn i samtaler med kommunen sendte vi likevel vår fråsegn i brev av 3.4.2018. Det beste ville vore om vår fråsegn var basert på godkjent fråvikssøknad, men slik vart det altså ikkje. Kommunen må no mest sannsynleg fremme saka til ny høyring.

Spørsmål B:

Vi sendte vårt fråsegn 3.4.2018. Dette brevet er vedlagt denne eposten.

Eg håpar dette var oppklarande. Eg kan elles nås på telefon 97147848.

Venleg helsing

Hans-Christian Engum

seniorrådgjevar

Regionalavdelinga | planseksjonen



Tlf: 97 14 78 48

www.hordaland.no

Fra: Øyvind Østvik <

Sendt: lørdag 23. juni 2018 21:09

Til: Hordaland Fylkeskommune - Postmottak <HFk@hfk.no>

Kopi: Bård Sandal <Bard.Sandal@hfk.no>

Emne: VS: UTTALE VEDR. REGULERINGSPLAN FOR FJELBERGSAMBANDET

Att: Regionavdelinga - Hans-Christian Engum

Den 23. mars 2018 sendte eg nedanforståande e-post til Hordaland fylkeskommune. Journalført med saksnr. [2017/15118](#).

Eg har venta på svar i 3 månader, men fylkeskommunen har tydelegvis så langt ikkje funne det bryet verdt å svare meg.

Fra: Øyvind Østvik <oostvik@online.no>

Sendt: 23. mars 2018 01:18

Til: 'hfk@hfk.no' <hfk@hfk.no>

Emne: UTTALE VEDR. REGULERINGSPLAN FOR FJELBERGSAMBANDET

Att: Regionavdelinga - Hans-Christian Engum

Den 27.10.2017 sendte Kvinnherad kommune framlegg til reguleringsplan for Fjelbergsambandet til Hordaland fk for uttale.

Frist for uttale var sett til 08.12.2017.

I brev av 07.12.2017 bad Hordaland fk om å få utsett fristen til 16.03.2018. Det går ikkje fram av off. journal om søknaden blei imøtekomen.

I dag, nær **5 mnd.** etter at Hordaland fk fekk oversendt framlegget til reguleringsplan, kan eg ikkje finne i off. journal at Hordaland fk har

svara / gjeve uttale til Kvinnherad kommune. Dersom dette er rett, har Fylkeskommunen brukt lengre tid på å uttale seg om reguleringsplanen enn

Kvinnherad kommune brukte på å utarbeide planen.

A: Kva er årsaka til at Hordaland fk må bruke 5 mnd. på ein uttale og såleis ikkje klarar å overhalde fristar dei sjølve har sett ?

B: Kva tid vil Hordaland fk gi uttale vedr. Kvinnherad kommune sitt framlegg til reguleringsplan for Fjelbergsambandet ?

Helsing

Øyvind Østvik

I brev av 07.12.2018 til Kvinnherad kommune skreiv fylkeskommunen m.a.:

«I samband med planarbeidet for Fjelbergsambandet har det blitt drøfta om fylkesvegen skal byggast etter standardane Sa2 eller Sa3 (etter handbok N100). Til slutt har valet landa på standarden Sa2. Uavhengig av standardvalet er det behov for å søke fråvik frå handboka N100. Fråvika skal handsamast i fråviksgruppa hjå Statens vegvesen (som har samling ca. ein gong i månaden) og vidare til politisk handsaming hjå fylkeskommunen. Normalt skal fråvikssøknader vere ferdig handsama før reguleringsplan blir sendt på offentleg ettersyn, fordi det er eit viktig grunnlag for fråsegn til regionale etatar.

Fråvikssøknaden som er levert Statens Vegvesen er basert på standarden Sa3, og det må no bli levert ein ny søknad basert på Sa2. Dette betyr at Statens vegvesen ikkje får handsama saka i fråviksgruppa i deira møte 15 desember 2017. Neste møte er i midten av januar, men endeleg dato er ikkje fastsett. Hordaland fylkeskommune vil arbeide for å få handsama saka i utval for miljø og samferdsel 7/8. februar 2018, men dette føreset at saka er handsama i fråviksgruppa tide. I yttarste konsekvens blir ikkje saka handsama politisk før 14. mars 2018.

Fylkeskonservator har tidlegare sendt brev og sett ny høyringsfrist 27. januar 2018, men Hordaland fylkeskommune ber no om utsett frist til 16. mars for å kunne gi ei samla fråsegn for alle våre ansvarsområde. Vi vil sjølvsagt gjere det vi kan for at for å få handsama saka i februar.»

I tillegg til spørsmål A og B i e-posten av 23. mars 2018, har eg flg. tilleggsspørsmål:

C: Har fråviksgruppa hjå Statens vegvesen handsama reguleringsplanen for Fjelbergsambandet og evt. kva vedtak blei gjort ?

D: Har utval for miljø og samferdsel i fylkeskommunen handsama reguleringsplanen for Fjelbergsambandet og evt. kva vedtak blei gjort ?

Helsing

Øyvind Østvik